



UNIVERSITETET I BERGEN

Nasjonale prøvar i engelsk for 5. trinn 2023

Rapport del 1

Utprøving september 2022 - Forslag til prøvar (februar 2023)

Rapport del 2

Gjennomføring av prøvar september 2023

Hildegunn Lahlum Helness, Eli Moe og team

Institutt for framandspråk

Universitetet i Bergen

Innhold

OM RAPPORTEN	3
GENERELT OM NASJONAL PRØVE I ENGELSK FOR 5. TRINN	3
Lesing og lytting i faget engelsk	3
Kva måler prøvane på 5. trinn.....	5
Nasjonal prøve i engelsk for 5. trinn og læreplanverket LK20/LK20S	6
Om teksttypar og tema i prøvane på 5. trinn	8
Om itemformat	9
DEL 1 – UTPRØVING AV NP ENGELSK 5. TRINN HAUSTEN 2022 OG FORSLAG TIL PRØVAR 2023	12
1.1 Generell informasjon om utprøvinga til prøven i 2023.....	12
1.2 Forslag til prøvar 5. trinn 2023	14
1.3 Kva måler prøvane på 5. trinn?	18
1.4 Oversikt over enkeltitem 5. trinn	19
DEL 2 – NASJONAL PRØVE I ENGELSK 5. TRINN 2023.....	24
2. Nasjonal prøve i engelsk 5. trinn haust 2023 – hovudresultat kohortprøven	24
2.1 Gjennomføring 2023.....	24
2.2 Analysar av kohortprøven NPENG05 2023.....	24
2.2.1 Overordna resultat.....	25
2.2.2 Resultat på oppgåvenivå	27
2.3 Kjønn	34
2.4 NP engelsk for 5. trinn 2023 – oppsummering	36

OM RAPPORTEN

Del 1 av rapporten gjer greie for arbeidet før 2023-utgåva av Nasjonal prøve i engelsk for 5. trinn blir gjennomført: utprøving av item og forslag til endeleg prøve. Del 2 er skriva etter at prøvane er gjennomførte hausten 2023 og summerer opp resultatane frå den reelle prøvegjennomføringa.

Første del av denne delrapporten gir ein del generell informasjon om Nasjonal prøve i engelsk for 5. trinn (til dømes samanhengen mellom læreplan i engelsk og prøve, kva prøven måler, itemformat og korleis itema i prøven blir kategorisert).

Sidan 2014 har det ved hjelp av dei nasjonale prøvane blitt undersøkt om ferdigheitene til elevane endrar seg over tid. Til og med 2021 har dette blitt gjort ved at eit utval elevar har tatt ein ankerprøve i engelsk, lesing og rekning, medan dei fleste har tatt hovudprøven som blir utprøvd og sett saman året før. Grunna nye læreplanar i 2020 og nytt konstrukt, starta trendmålingar på nytt i 2022, år éin.

Denne rapporten fokuserer på utprøving av item i 2022 og Nasjonal prøve i engelsk for 5. trinn 2023. I samband med IRT-analysar er datamaterialet for alle itema som var med i gjennomføringa for 5. trinn lagt til grunn.

GENERELT OM NASJONAL PRØVE I ENGELSK FOR 5. TRINN

Lesing og lytting i faget engelsk

LK20 byggjer på eit kommunikativt syn på språklæring. Omgrepet kommunikativ kompetanse blir definert som evna til både å bruke grammatiske reglar og forme setningar korrekt, men også å vite når det er passande å bruke språket på ein bestemt måte og til kven. Å kommunisere omfattar både det å motta og forstå språkleg informasjon, og det å produsere språk. Det blir ofte sagt at dei reseptive språkferdigheitene (lytte og lese) byggjer opp under dei produktive ferdigheitene (snakke og skrive). Språkleg resepsjon blir sett på som primært i forhold til språkproduksjon, som blir omtalt som sekundært. For å kunne snakke, må ein kunne motta og tolke språkleg innputt (for eksempel ved å høyre), medan å skrive forutset

det å kunne lese. Det betyr at for å utvikle språkkompetansen sin i engelsk, er det viktig å lytte til engelsk, lese engelsk og å bruke språket aktivt på ulike måtar og i ulike sammenheng munnleg og skriftleg. Dette blir også understreka i kompetansemåla i engelskfaget som lister opp kva elevane bør/kan arbeide med og i kjerneelementet kommunikasjon. I tillegg framhevar Utdanningsdirektoratet sin definisjon av grunnleggande ferdigheiter at språkkompetanse består av ulike språklege element, både det å kunne lese, lytte, snakke og skrive. For at elevane skal utvikle den kommunikative kompetansen sin i engelsk, er det viktig at dei får høve til å bruke språket på mange forskjellige måtar i meningsfulle situasjonar. Det same blir understreka i LK20, under **Fagets relevans og sentrale verdiar**, der engelskfaget blir omtalt på denne måten: «Engelsk er et sentralt fag for kulturforståelse, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling. Faget skal gi elevene et grunnlag for å kommunisere med andre lokalt og globalt, uavhengig av kulturell og språklig bakgrunn.»

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggande ferdigheitene, slik desse er definert i LK20. Derfor skil prøvane i engelsk seg frå dei andre nasjonale prøvane ved at dei tar utgangspunkt i det overordna kompetanseomgrepet, grunnleggande ferdigheiter og dei kompetansemåla som er relevante for lytting og lesing i faget engelsk.

I teksten om grunnleggande ferdigheiter i engelsk i LK20 under **Å kunne lese** står det følgande: «Det innebærer å lese og finne informasjon i sammensatte tekster med konkurrerende budskap og å bruke lesestrategier til å forstå eksplisitt og implisitt informasjon. Utviklingen av leseferdigheter i engelsk går fra å eksperimentere med språklyder, stavemønstre og stavelser til å lese varierte og komplekse tekster med flyt og forståelse og i stadig større grad kunne reflektere over og vurdere ulike typer tekster kritisk.»

I teksten om grunnleggande ferdigheiter i engelsk i LK20 under **Muntlige ferdigheter** står det følgande: «Muntlige ferdigheter i engelsk er å skape mening gjennom å lytte, tale og samtale.»

Kva måler prøvane på 5. trinn

Nasjonale prøvar i engelsk skal måle i kva grad elevane sine ferdigheiter i engelsk er i samsvar med kompetansemåla i læreplanen for engelsk, knytt til lese- og lytteforståing, ord og uttrykk, og reglar for rettskriving, ordbøying og setningsstruktur.

På 5. trinn betyr dette mellom anna å:

- finne informasjon/forstå detaljar i ulike tilpassa tekstar
- forstå enkeltord og hovudinnhald i ulike tilpassa tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytt til behov, følelsar, daglegliv og interesser
- forstå tydinga av ord og uttrykk ut frå samanhengen dei er brukt i
- følge enkle reglar for rettskriving og setningsstruktur

Desse aspekta blir testa på ulike måtar (format) og i ulike kombinasjonar, og ikkje som separate ferdigheiter. For eksempel må ein kunne forstå ord og omgrep for å kunne finne informasjon eller forstå hovudinnhaldet i ein tekst. Ferdigheitene kan ikkje sjåast isolert.

Konstruktet for prøvane omfattar to hovuddimensjonar: 1) Nivået i teksten elevane må prosessere på for å løyse oppgåva og 2) Føremålet lesinga og lyttinga har (operasjonane oppgåva krev).

Prosesseringsnivå: Eleven kan finne svaret på ei einskild oppgåve enten i eit ord/uttrykk, ei setning eller ved å kople informasjon frå ulike delar av teksten.

Føremålet lesinga og lyttinga har: Ei oppgåve kan krevje at eleven kan finne informasjon eller forstå detaljar, forstå hovudinnhald, tolke informasjon (trekke slutningar), forstå samanheng i tekstar og oppfatte og bruke ord, stavemønster og grammatiske mønster.

Oppgåvene i prøven er utforma for å dekke alle desse aspekta. Det er likevel viktig å vere klar over at i mange tilfelle blir fleire ferdigheiter målt samtidig. I korte tekstar for dei yngste vil det til dømes ofte vere vanskeleg å skilje mellom å forstå

hovudinnhald og detaljar. I slike tilfelle er det viktig å forstå detaljane (orda) for å forstå hovudinnhaldet.

Nasjonal prøve i engelsk for 5. trinn og læreplanverket LK20/LK20S

Nasjonale prøvar i engelsk måler reseptive ferdigheiter og under referer vi til nokre viktige punkt i konstruktet:

I nasjonal prøve i engelsk blir delferdigheita **lytting** testa under **Munnlege ferdigheiter**, samt den grunnleggande ferdigheita **å kunne lese** i engelskfaget. Om **Munnlege ferdigheiter** seier LK20 at dette handlar om å «skape mening gjennom å lytte, tale og samtale.» Lytting dannar grunnlaget for alle andre munnlege ferdigheiter i engelsk. I LK20 blir det sagt at ferdigheita **å kunne lese** inneber forståing og refleksjon, finne informasjon og å bruke lesestrategiar til å forstå eksplisitt og implisitt informasjon. Ferdigheita **å kunne skrive** blir ikkje testa direkte i nasjonal prøve, men lesing dannar grunnlaget også for denne ferdigheita. Dei fleste kompetansemåla i LK20 inneheld fleire av dei grunnleggande ferdigheitene samtidig.

Kjerneelementa står sentralt i nasjonal prøve i engelsk. Kjerneelementet **Kommunikasjon** omfattar ifylgje LK20 mellom anna «å skape mening med språk» og å «ta i bruk enkle strategier for å kommunisere muntlig og skriftlig i forskjellige situasjoner». Under blir nokre kompetansemål som er knytt til dette kjerneelementet beskrive, og samanhengen mellom desse og nasjonal prøve i engelsk.

Etter 4. trinn:

- **bruke digitale ressursar til å utforske språket og samhandle med andre**

Dette kompetansemålet er ikkje målbart på ein skala, men prøven, saman med eksempelprøven og tidlegare prøvar utgjer i seg sjølv ein digital ressurs.

- **bruke nokre vanlege småord, høflegheitsuttrykk og enkle frasar og setningar for å få hjelp til å forstå og bli forstått**
- **delta i samtalar om eigne og andre sine behov, følelsar, daglegliv og interesser og bruke samtalereglar**
- **skrive enkle tekstar som uttrykker tankar og meiningar**

- **samtale om nokre sider ved ulike levemåtar, tradisjonar og skikkar i den engelskspråklege verda og i Noreg**

Desse kompetansemåla blir ikkje testa direkte i prøven, fordi dei omfattar dei produktive ferdigheitene. Sidan dei reseptive (lese, lytte) kjem før dei produktive (skrive, snakke), er dei likevel svært relevante. Prøven testar elevane si forståing av slike ord, uttrykk, frasar, setningar, samtalar og tekstar som blir beskrive her.

Kjerneelementet ***Språklæring*** blir mellom anna omtalt slik i LK20: «Kunnskap om hvordan språklyder, ordforråd, og ord-, setningsstrukturer og tekststrukturer brukes, gir elevene valg og muligheter i kommunikasjon og samhandling.» Under blir nokre kompetansemål knytt til dette kjerneelementet beskrive, og sammenhengen mellom desse og nasjonal prøve i engelsk.

Etter 4. trinn:

- **lytte til og forstå ord og uttrykk i tilpassa tekstar**

Dette blir testa direkte gjennom ulike oppgaver i lyttedelen.

- **lese og forstå tekstar med lyddrette ord og kjente og ukjente ordbilde**

Dette blir testa direkte gjennom ulike oppgaver i lesedelen.

- **følge enkle regler for rettskriving og setningsstruktur**

Dette blir testa direkte gjennom ulike innfyllingsoppgaver.

Om kjerneelementet ***Møte med engelskspråklige tekster*** seier LK20 «Språklæringen skjer i møte med engelskspråklige tekster», «Tekstbegrepet brukes i vid forstand», og «Gjennom å reflektere over, tolke og kritisk vurdere ulike typer engelskspråklige tekster skal elevene tilegne seg språk og kunnskap om kultur og samfunn.» Under blir nokre kompetansemål knytt til dette kjerneelementet beskrive, og sammenhengen mellom desse og nasjonal prøve i engelsk.

Etter 4. trinn:

- **lese og forstå tydinga av kjente og ukjente ord, frasar og setningar ut frå sammenhengen i sjølvvalte tekstar**

Nasjonale prøvar i engelsk kan ikkje innehalde sjølvvalte tekstar, men kompetansemålet er likevel relevant, sidan vi testar om elevar forstår tydinga av ord, frasar og setningar i tekstar som er tilpassa alderstrinnet.

- **lese og samtale om innhald i ulike typar tekstar, inkludert bildebøker**

I nasjonal prøve møter elevane mange ulike teksttypar, mange med bilde, både i lese- og lyttedelen. Desse kan bli lest og brukt som utgangspunkt for samtalar også i undervegsvurderinga.

Under teksten om **undervegsvurdering** i LK20 står det slik: «Læreren skal gi veiledning om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevene kan bruke veiledninga for å utvikle leseferdigheter, skriveferdigheter og muntlige og digitale ferdigheter i faget.» Resultata frå nasjonal prøve og støtteressursar/PAS-prøvar dannar eit svært godt grunnlag for undervegsvurderinga av elevane sine grunnleggande ferdigheiter i faget innanfor dei reseptive ferdigheitene å lytte og å lese, som igjen dannar grunnlaget for dei produktive ferdigheitene å snakke og å skrive.

Oppgåvene og tekstane i nasjonale prøvar i engelsk kan med fordel brukast i oppfølgingsarbeidet og generelt i arbeidet med engelsk i klasserommet, med utgangspunkt i LK20.

Om teksttypar og tema i prøvane på 5. trinn

Elevane på 5. trinn blir presentert for setningar og tekstar av varierende lengd og kompleksitet og frå ulike kjelder i både lytting og lesing. Mange tekstar er korte, det vil seie at dei inneheld relativt få setningar. Nokre av dei korte oppgåvene inneheld bilde til støtte for lyttinga og lesinga. Andre tekstar er mellomlange og samansette, som i leseformatet *Multiple choice medium*, og éin tekst i lesedelen av prøven vil nok oppfattast som lang av elevane på 5. trinn. Den såkalla lange teksten finst i formatet *Who could say*. I lyttedelen er det tre lengre tekstar, i formata *Multiple choice long*, *Ordering* og *Matching*.

Elevar som har øvd på å lese og lytte til tekstar med ulikt fokus og brukt ulike lese- og lyttestrategiar, bør ha eit godt utgangspunkt for å svare på oppgåvene i dei

nasjonale prøvane i engelsk. På same måte burde prøvane eigna seg godt i etterkant, for å øve på å lese og lytte til tekstar av ulik lengd og kompleksitet.

Tabell 6, som er ei oversikt over forslaget til prøven på 5. trinn, viser at teksttypene i lyttedelen er beskrivingar, monologar, kunngjeringar, dialogar, enkle nyheitsmeldingar og ein podcast. Lesedelen inneheld instruksjonar, beskrivingar, forteljingar og faktatekstar. Dei fleste tekstane i formata med bilde (*Click item* og *Click picture* i lyttedelen, og *Click picture* og *Click and drag* i lesedelen) beskriv personar, stader eller situasjonar.

Om itemformat

Tabell 1a: Itemformat i den nasjonale prøven i engelsk for 5. trinn – lyttedelen

Format Lyttning	Lukka /opent format	Kva skal eleven gjere?
Click item (CI)	Opent	Elevane blir presentert for eit større bilde. Først lyttar dei til instruksjonen <i>Listen to the recording. Look at the picture and click on the correct item, person, or animal. You can listen to the recording twice.</i> Deretter lyttar dei til ein tekst og basert på innhaldet i denne klikkar dei på riktig stad i bildet. Dette er eit opent itemformat, i og med at elevane må finne ut sjølv kvar dei skal klikke. Dei kan ikkje få hjelp av alternative svarforslag.
Click picture (CP)	Lukka	Elevane blir presentert for fire bilde. Først lyttar dei til instruksjonen <i>Listen to the recording and click on the correct picture. You can listen to the recording twice.</i> Deretter lyttar dei til ein tekst og basert på innhaldet i denne klikkar dei på det bildet som passar til teksten.
Multiple choice short (MCS)	Lukka	Først lyttar elevane til instruksjonen <i>Listen to the recording. You can see the question on the screen while you listen. Click on the correct answer. You can listen to the recording twice.</i> Elevane lyttar deretter til ein kort tekst og eit spørsmål. Dette er ei fleirvalsoppgåve der elevane svarer ved å velje eitt av fire alternative svar.
Multiple choice long (MCL)	Lukka	Først lyttar elevane til instruksjonen <i>Listen to the recording. You can see the questions on the screen while you listen. Answer the <u>three</u> questions. You can listen to the recording twice.</i> Elevane lyttar deretter til ein litt lengre tekst. Til oppgåva høyrer tre spørsmål. Dette er fleirvalsoppgåver der elevane svarer ved å velje eitt av fire alternative svar i kvart av spørsmåla.
Ordering (OR)	Opent	Først lyttar elevane til instruksjonen <i>Listen to the recording. Click on the pictures and place them in the order they are mentioned. The first picture is given. You can move the pictures while you listen. You can listen to the recording twice.</i> Elevane ser fem bilde på venstre side av skjermen. Basert på innhaldet i teksten dei lyttar

		til, skal dei plassere bilda i riktig rekkefølge til høgre på skjermen. I tillegg er det eitt bilde øvst som allereie står fast.
Matching (MA)	Lukka	Først lyttar elevane til instruksjonen <i>Listen to the recording. Give your answer by clicking <u>three</u> of the boxes in the table. You can listen to the recording twice.</i> Elevane ser ein tabell på skjermen med stikkord i kolonneoverskrifter, og med små bilde i første kolonna nedover til venstre. Basert på innhaldet i teksten dei lyttar til, skal dei matche stikkorda med bilda, ved å krysse av tre av avkryssingsboksane.

Tabell 1b: Itemformat i den nasjonale prøven i engelsk for 5. trinn - lesedelen

Format Lesing	Lukka /opent format	Kva skal eleven gjere?
Click picture (CP)	Lukka	Elevane blir presentert for ein skriftleg tekst og fire bilde. Dei skal klikke på bildet som passar til teksten.
Click and drag (C&D)	Opent	Elevane blir presentert for eit stort bilde og bilde av fire eller fem mindre ting utanfor det store bildet. I tillegg skal dei lese ein kort tekst som inneheld ein instruksjon. Oppgåva er å følgje instruksjonen og plassere ein av tinga på rett plass i det store bildet.
Gap filling (GF)	Lukka	Elevane blir presentert for ein kort tekst med tre luker. Kvar luke har fire alternative svar. Elevane skal klikke på eitt av alternativa i kvar luke.
Multiple choice short (MCS)	Lukka	Elevane blir presentert for ein kort tekst og eit spørsmål med fire alternative svar. Elevane skal klikke på eitt av alternativa.
Multiple choice medium (MCM)	Lukka	Elevane blir presentert for ein middels lang tekst og to spørsmål. Kvart spørsmål har fire alternative svar. Elevane skal klikke på eitt av alternativa for kvart spørsmål. Dette er ein multimodal tekst, som i tillegg til hovudteksten inneheld eit bilde, og evt. ei liste eller faktaboks.
Who could say (WS)	Opent	Elevane blir presentert for ein litt lengre tekst, der fleire personar blir introdusert, og fem ytringar. Kvar ytring representerer ein av personane i teksten. Oppgåva er å finne ut kven ytringa representerer og klikke på namnet til denne personen.
Write the word (WW)	Lukka	Elevane blir presentert for ein kort tekst med tre luker. Ein tabell viser fleire ord. Tre av orda passar i ei av lukene i tabellen. Elevane skal finne eit ord og skrive det inn i teksten.

Nasjonal prøve i engelsk måler reseptive ferdigheiter, og har to delar: ein lyttedel og ein lesedel. I lyttedelen kan elevane høyre sjølve tekstfilene maksimalt to gonger, og

dei kan bruke 60 minutt til saman på dei to delane. Dersom ein elev høyrer alle lydfilene i lyttedelen to gonger (inkludert instruksjonane som går igjen i kvar oppgåve innanfor eit format), tar lyttedelen ca. 30 minutt.

Alle oppgåvene i Nasjonal prøve i engelsk blir skåra automatisk. På Udir.no ligg eksempeloppgåver og Nasjonale prøvar i 2022, slik at elevane kan gjere seg kjende med oppgåveformatata på førehand.

DEL 1 – UTPRØVING AV NP ENGELSK 5. TRINN HAUSTEN 2022 OG FORSLAG TIL PRØVAR 2023

1.1 Generell informasjon om utprøvinga til prøven i 2023

Hausten 2022 vart alle oppgåvene prøvd ut i eit nytt design for fyrste gong, i samband med reell gjennomføring av Nasjonale prøvar 2022. Alle elevane på 5. trinn tok alle oppgåvene i NPENG 2022 (kalla *kohort*-oppgåver). I tillegg fekk kvar elev éi til tre ekstra oppgåver som anten var utprøvingsoppgåver til NPENG 2023 eller ankeroppgåver (til trendmåling). Elevane visste ikkje kva oppgåver som var «tilleggsoppgåver», og resultatata frå utprøvingsoppgåvene vart heller ikkje rekna med i prøveresultatet totalt.

Det er fleire fordelar med å prøve ut nye oppgåver i samband med gjennomføringa av reelle prøvar. Utvalet som tek dei ekstra oppgåvene er representative for heile populasjonen (tilfeldig frå heile landet) og tidspunktet er det same som for reell gjennomføring. Dette tenkjer vi gjer resultatata meir til å stole på.

Ein har tidlegare sett at itema vert lettare frå utprøving til reell gjennomføring, mest sannsynleg fordi elevane gjer ein større innsats i reell gjennomføring. I rapporten etter gjennomføring i 2023 vil me samanlikne data frå utprøvinga med reell gjennomføring, for å sjå om det er mindre gap mellom utprøving og gjennomføring.

I tillegg treng skulane heller ikkje å bruke ekstra tid på å vere med på utprøvingar av neste års prøve, og prøveutviklarane treng ikkje bruke tid på å kontakte skular rundt i landet og spørje om dei vil delta i utprøving. Tidlegare var det ein del skular som meldte at dei ofte vart trekt ut til å delta på utprøvingar for nasjonale prøvar (engelsk, lesing, rekning), og at det kunne opplevast belastande. Med dagens system vert utprøving av nye oppgåver svært mykje mindre tidkrevjande for både skulane, prøveutviklarane og Udir, samstundes som resultatet er meir til å stole på.

Analyse av data

Data frå utprøvinga hausten 2022 er blitt analysert i R med IRT-metoden, av Utdanningsdirektoratet.

UiB har brukt Excel til samansetning av oppgåvene som er valt ut til forslag til NPENG2023, 5. trinn.

Heile datamaterialet for 5. trinn vart analysert under eitt, det vil seie at data er frå analysar av alle itema samla som var med i gjennomføringa; 162 item (34 *kohortoppgåver*, 14 *ankeroppgåver* og 114 *utprøvingsoppgåver*).

Tidspunkt for utprøving

September 2022

Utprøvingsdesign

Vi har brukt eit delvis lenka design. Alle elevar fekk 1 til 3 ekstra oppgåver (anker- eller utprøvingsoppgåver) under gjennomføring av NPENG 2022, 5. trinn.

Tal på utprøvingsitem som vart prøvd ut

115 item

Tal på elevar som deltok

Dei same elevane som tok kohortoppgåvene i engelsk 5. trinn i 2022: 55 784 elevar totalt (28164 gutar og 27620 jenter).

Analyse av data:

Data frå gjennomføringa er analysert ved hjelp av *R* og Excel. Det er brukt Item Response Theory (IRT)-kalibrering med ein 2PL IRT-modell for dikotome oppgåver og med Generalised partial credit model (GPCM) for polytome oppgåver.

Samansetjing av 2023-prøven

I arbeidet med å setje saman eit forslag til prøve for 2023, måtte vi balansere følgjande faktorar: lytteitem, leseitem, itemformat, item totalt, føremål, tekstlengd, tema, løysingsprosent, eventuelle kjønnsforskjellar og diskriminering. Excel vart brukt til dette arbeidet.

1.2 Forslag til prøvar 5. trinn 2023

Vi har sett saman ein nasjonal prøve på 5. trinn med lese- og lytteoppgåver i engelsk, i Udir sitt prøvesystem EPS.

Prøven i 2023 vil innehalde stort sett dei same itemformata og tal på oppgåver per format som i 2022-prøven. Unnataket er at prøven i 2023 har eit nytt format i lytting, *Multiple choice long*, med ein lengre lyttetekst som gir inntil 3 poeng.

Tabell 2 viser tal på item per format i prøvane for 5. trinn.

Tabell 2: Item per format foreslått for NP 2023, 5. trinn

Format	Forslag til Nasjonal prøve 2023 5. trinn
Lytting: <i>Click item</i>	3 item
Lytting: <i>Click picture</i>	2 item
Lytting: <i>Multiple choice short</i>	8 item (mot 10 i 2022)
Lytting: <i>Multiple choice long</i>	1 (3) item* (ny i 2023)
Lytting: <i>Ordering</i>	1 (3) item*
Lytting: <i>Matching</i>	1 (3) item*
Lesing: <i>Click picture</i>	2 item
Lesing: <i>Click and drag</i>	2 item
Lesing: <i>Gap filling</i>	1 (3) item*
Lesing: <i>Multiple choice short</i>	4 item
Lesing: <i>Multiple choice medium</i>	2 (4) item*
Lesing: <i>Who could say</i>	5 item
Lesing: <i>Write words</i>	1 (3) item*
Tal på item totalt	34 item (44)

* Desse oppgåvene er polytome, det vil seie at eleven må gi fleire svar for å svare fullstendig på oppgåva. Dersom vi tar *Gap filling*-oppgåva som eit døme, så møter elevane der ein kort tekst med tre luker. Via ein nedtrekksmeny må eleven velje eitt av fire alternativ for kvar av dei tre lukene.

Vi ser i Tabell 2 at det er med to oppgåver mindre i *Multiple choice short*-formatet i lytting i 2023 enn i 2022. Grunnen til dette er at vi i 2023 har inkludert ei ny oppgåve i eit nytt format, *Multiple choice long*. For at lyttedelen av prøven ikkje totalt sett skal ta lengre tid i år enn i fjor, tok vi difor ut to kortare oppgåver.

Dei aller fleste oppgaveformata har item som blir skåra dikotomt (0/1). Elevane gir eitt svar på desse oppgåvene. I nokre av oppgåvene kan elevane gi fleire svar og oppnå fleire poeng; i polytome oppgåver. Maksimum poengsum er representert i parentesane i Tabell 2, 3 og 5.

Tabell 3 nedanfor gir ei oversikt over vanskegrad (*b*-verdiar), løysingsprosent (*p*-verdiar) og diskrimineringsindeks (*a*-verdiar) i forslag til 2023-prøven for 5. trinn, med estimat frå *R*.

b-verdi viser til vanskegraden oppgåvene har (minusverdiar viser til lette oppgåver, og plussverdiar til vanskelege).

p-verdi viser til løysingsprosent på oppgåvene, altså proporsjon rette svar. Verdien 0,51 viser t.d. at 51 prosent av elevane svarte riktig på oppgåvene under utprøving.

a-verdi (diskriminering) viser til kor godt oppgåva skil mellom elevar som presterer godt og dårleg. *a*-verdien bør her vere over 0,8.

Gjennomsnittleg løysingsprosent (*p*-verdiar) for heile prøven som er foreslått til NP2023 er noko høgre enn i fjor. Tilsvarende er vanskegraden (*b*-verdiar) noko mindre. Dette er basert på ei forventning om at oppgåvene som er med i prøven i 2023 ikkje blir lettare under reell gjennomføring enn under utprøving, då utprøvinga var ein del av sjølve gjennomføringa av NP2022.

Tabell 3: Gjennomsnittleg løysingsprosent, vanskegrad og diskriminering, samla for forslag til NP 5. trinn 2023

	Nasjonal prøve 5. trinn
Tal på item	33 (45)*
Gjennomsnittleg <i>p</i> -verdi	0,510
Gjennomsnittleg <i>b</i> -verdi	-0,062
Gjennomsnittleg <i>a</i> -verdi	1,63

*Talet i parentes viser maks poengsum

I hovudprøven for 5. trinn finst det sju polytome oppgåver, der elevane svarar på fleire item og får ein samleskår for kvar av desse oppgåvene. Tabell 4 under gir ei oversikt over *b*-verdiar for dei polytome oppgåvene.


Tabell 4: Fordeling av b -verdier for polytome oppgåver

Itemformat	Eitt rett svar	To rette svar	Tre rette svar
<i>Lytting</i> : Multiple choice long - weekend	-2,160	-0,322	1,414
<i>Lytting</i> : Ordering – Summer postcard	-1,031	-0,254	-0,073
<i>Lytting</i> : Matching – Sewing-redesign	-1,312	-0,261	0,498
<i>Lesing</i> : Gap filling – Missy’s present	-1,266	-0,012	1,262
<i>Lesing</i> : MC medium – The iceman	-1,188	0,468	
<i>Lesing</i> : MC medium – The Whittle Boys	-0,565	1,359	
<i>Lesing</i> : Write words – Polar expeditions	-0,420	0,182	1,366

Figur 1 under viser fordelinga av θ -estimat for alle itema (lytting og lesing) som var med i gjennomføringa i 2022 (kohort-, anker- og utprøvingsoppgåver).

θ er eit uttrykk for elevane sine ferdigheiter/evner/kompetanse (ability). Minusverdier viser til lågare ferdigheit, og plussverdier viser til høgare. Vi ser at dei fleste itema har θ rundt null.


Figur 1: Thetaestimat frå gjennomføring 2022



Figur 2 under viser testinformasjon for alle kalibrerte item i sjølve prøven. Test Information

Function (TIF) viser grad av informasjon i prøven for kvart θ -nivå.

Figur 2: Test Information and Standard errors



Dersom vi deler prøven inn i lytte- og leseoppgåver, får vi fylgjande tal:

Tabell 5: gjennomsnittleg diskriminering, løysingsprosent, og vanskegrad, lytting og lesing kvar for seg

	Lytting	Lesing
Tal på item	16 (22)*	17 (23)*
Gjennomsnittleg diskriminering (a -verdi)	1,481	1,767
Gjennomsnittleg p -verdi	0,575	0,450
Gjennomsnittleg b -verdi	-0,323	0,184

*Tala i parentes viser maks poengsum

Prøven måler reseptive ferdigheiter. Vi ser i Tabell 5 at lytteoppgåvene i gjennomsnitt er noko lettare enn leseoppgåvene – gjennomsnittleg p -verdi for lytting er 0,57 mot 0,45 i lesing.

Analysar frå piloteringa viser at mange av lytteoppgåvene er lettare enn ønska, spesielt bildeoppgåvene. Kan hende er elevane på dette trinnet også blitt flinkare i lytting. Vi jobbar framleis med å lage nok vanskelege lytteitem, mellom anna har vi lagt til eitt nytt format, *Multiple choice long*, der elevane kan få opptil tre poeng. Sjølv om gjennomsnittet for lytting er noko høgare enn ynskjeleg, ventar vi ikkje at dette skal stige frå utprøving til pilotering, som nemnt tidlegare. Den samla p -verdien for alle oppgåvene, for reseptive ferdigheiter, er som vi ser i Tabell 3 ovanfor 0,51.

1.3 Kva måler prøvane på 5. trinn?

Lista under viser korleis oppgåvene i forslaget til 2023-prøvene fordeler seg over dei aspekta som prøvane skal måle.

I enkelte av oppgåvene må elevane gi meir enn eitt svar (polytome oppgåver) og tala i parentes viser til kor mange rette svar det er mogleg å få totalt innanfor kvart aspekt.

Lesedelen i nasjonale prøvar i engelsk for 5. trinn måler:

Finne informasjon: 6 (7) item

Lesedelen inneheld seks item der elevane skal finne informasjon. I eitt av itema kan elevane finne svaret i eitt ord eller uttrykk. I fem tilfelle kan elevane finne svaret i ei setning.

Forstå hovudinnhald: 5 (6) item

Lesedelen inneheld fem item der elevane skal forstå hovudinnhald. I alle itema kan elevane finne svaret ved å kople informasjon frå ulike deler av teksten.

Tolke og forstå: 4 item

Lesedelen inneheld fire item der elevane til ei viss grad må tolke teksten. I alle itema finst svaret i ei setning.

Bruke ord, stave- og grammatiske mønster: 2 (6) item

Lesedelen inneheld to item der eleven skal følge enkle reglar for rettskriving og setningsstruktur. I begge tilfelle må dei forstå setninga for å svare riktig.

Lyttedelen i nasjonale prøvar i engelsk for 5. trinn måler:

Forstå detaljar: 7 (11) item

Lyttedelen inneheld sju item der elevane skal forstå detaljar. I seks av itema kan elevane finne svaret i ei setning. I eitt tilfelle kan dette gjerast ved å kople informasjon frå ulike deler av teksten.

Forstå hovudinnhald: 8 item

Lyttedelen inneheld åtte item der elevane skal forstå hovudinnhald. I alle tilfella kan dette gjerast ved å kople informasjon frå ulike deler av teksten.

Forstå samanheng: Eitt item der elevane gir fleire svar.

Lyttedelen inneheld éi oppgåve der elevane må forstå samanhengen i teksten, og svare ved å plassere fleire bilde i rett rekkefølge i forhold til teksten dei høyrer. Dei må kople informasjon frå ulike deler av teksten.

Elevar som har øvd på å lese og lytte med ulikt fokus og med bruk av ulike lese- og lyttestrategiar, bør ha eit godt utgangspunkt for å svare på oppgåvene i dei nasjonale prøvane i engelsk. På same måte burde prøvane eigna seg godt i etterkant, for å øve på å lese og lytte til tekstar av ulik lengd og kompleksitet.

1.4 Oversikt over enkeltitem 5. trinn

Tabell 6 under viser oversikt over alle itema som er foreslått til Nasjonal prøve i engelsk for 5. trinn 2023.

Tala i tabellen er frå *R*-analysar av alle itema analysert under eitt, frå gjennomføringa i 2022 for 5. trinn, 162 item totalt (kohort-, anker- og utprøvingsoppgåver).

Tabell 6: Forslag til Nasjonal prøve i engelsk 5. trinn 2023 – item for item

Rekkefølge *	Format	Oppgave-namn	a-verdi	b-verdi	Tal på elevar svart	% elevsvar per poeng	Maks skåre **	Løysings-prosent	Løysings-prosent jenter	Løysings-prosent guttar	Forskjell guttar / jenter	Teksttype	Formål	Forståelses-nivå
1	Lytting-CI	Gym 3	2,073	-0,727	1085		1	0,710	0,695	0,724	-0,029	Beskriving	Forstå detaljar	Setning
2	Lytting-CI	Livingroom 2	1,643	-0,594	938		1	0,656	0,645	0,667	-0,022	Beskriving	Forstå detaljar	Setning
3	Lytting-CI	Park 1	1,474	-0,390	1067		1	0,588	0,581	0,594	-0,013	Beskriving	Forstå detaljar	Setning
4	Lytting-CP	Chores 1-vacuuming	1,446	-0,229	999		1	0,578	0,558	0,597	-0,039	Beskriving	Forstå detaljar	Setning
5	Lytting-CP	Helping2-groceries	1,223	-0,826	944		1	0,690	0,69	0,689	0,001	Dialog	Forstå detaljar	Setning
6	Lytting-MCS	Dinosaurs	1,99	-0,382	388		1	0,590	0,554	0,626	-0,072	Nyheitsmelding	Forstå hovud-innhald	Tekstkopling
7	Lytting-MCS	Leaving the classroom	1,894	-0,576	423		1	0,642	0,676	0,607	0,069	Kunngjering	Forstå hovud-innhald	Tekstkopling
8	Lytting-MCS	Late	1,513	0,451	407		1	0,371	0,342	0,399	-0,057	Dialog	Forstå hovud-innhald	Tekstkopling
9	Lytting-MCS	Space flight	1,428	-0,356	372		1	0,578	0,586	0,57	0,016	Monolog	Forstå hovud-innhald	Tekstkopling
10	Lytting-MCS	Who angry	1,374	0,129	427		1	0,455	0,455	0,454	0,001	Dialog	Forstå hovud-innhald	Tekstkopling
11	Lytting-MCS	Childrens rights	1,264	-0,782	368		1	0,658	0,655	0,66	-0,005	Monolog	Forstå hovud-innhald	Tekstkopling

12	Lytting-MCS	Upcycling app	1,11	0,214	422		1	0,472	0,471	0,472	-0,001	Nyheitsmelding	Forstå hovud-innhald	Tekstkopling
13	Lytting-MCS	Bill and Alex	0,978	0,059	403		1	0,474	0,493	0,455	0,038	Dialog	Forstå hovud-innhald	Tekstkopling
14	Lytting-MCL	Weekend	1,195	Snitt -0,356	1103	0=11 % 1=33 % 2=36 % 3=20 %	3	Snitt 0,551 (full skåre: 20%)	1,636	1,672	-0,036	Dialog	2 forstå detaljar/ 1 forstå hovud- innhald	2 setning/1 tekstkopling
15	Lytting-OR	Summer postcard	1,469	Snitt -0,453	1054	0=26 %, 1=18 % 2= 5 % 3=51 %	3	Snitt 0,602 (full skåre: 51%)	1,825	1,789	0,036	Dialog	Forstå samanheng	Tekstkopling
16	Lytting-MA	Sewing redesign	1,615	Snitt -0,358	1037	0=19 % 1=24 % 2= 20 % 3= 37 %	3	Snitt 0,583 (full skåre: 37 %)	1,723	1,777	-0,054	Podcast	Forstå detaljar	Tekstkopling
17	Lesing-CP	Dinosaurs 1	2,547	-1,317	1645		1	0,855	0,862	0,847	0,015	Beskriving	Finne informasjon	Vokabular
18	Lesing-CP	Sports 4-running	1,899	-0,234	1622		1	0,560	0,539	0,581	-0,042	Beskriving	Finne informasjon	Setning
19	Lesing-CD	Restaurant1-water	2,496	-0,176	1762		1	0,539	0,534	0,543	-0,009	Forteljing	Finne informasjon	Setning
20	Lesing-CD	Forest1-sheep	1,749	0,719	1805		1	0,312	0,309	0,315	-0,006	Instruksjon	Finne informasjon	Setning
21	Lesing-GF	Missy's present	1,635	Snitt -0,005	1109	0=21 % 1=31 % 2=29 % 3=19 %	3	Snitt 0,492 (full skåre: 19%)	1,507	1,446	0,061	Forteljing	Bruke grammatiske strukturer	Setning
22	Lesing-MCS	Getting up	2,427	-0,343	613		1	0,586	0,581	0,59	-0,009	Forteljing	Forstå hovud-innhald	Tekstkopling

23	Lesing-MCS	Embarrassing fell in tennis	1,766	-0,372	623		1	0,601	0,602	0,599	0,003	Forteljing	Forstå hovud-innhald	Tekstkopling
24	Lesing-MCS	Aunt Kelly	1,497	-0,004	639		1	0,500	0,505	0,494	0,011	Forteljing	Forstå hovud-innhald	Tekstkopling
25	Lesing-MCS	Brother abroad	1,408	0,734	660		1	0,312	0,319	0,305	0,014	Forteljing	Forstå hovud-innhald	Tekstkopling
26	Lesing-MCM	The iceman	1,43	Snitt -0,36	612	0=23 % 1= 39 % 2= 38 %	2	Snitt 0,573 (full skåre: 38%)	1,161	1,131	0,03	Faktatekst	1 forstå hovudinnhald/1 finne informasjon	1 tekstkopling/1 setning
27	Lesing-MCM	The Whittle Boys	1,201	Snitt 0,397	569	0=39 % 1=40 % 2=21 %	2	Snitt 0,409 (full skåre: 21%)	0,738	0,897	-0,159	Forteljing	1 forstå hovudinnhald/1 finne informasjon	1 tekstkopling/1 setning
28	Lesing-WS	Dogs-World-Records12-Doree	2,087	1,110	570		1	0,189	0,171	0,206	-0,035	Faktatekst	Tolke og forstå	Setning
29	Lesing-WS	Dogs-World-Records2-Alex	1,155	0,943	561		1	0,298	0,274	0,322	-0,048	Faktatekst	Tolke og forstå	Setning
30	Lesing-WS	Dogs-World-Record9-Brian	1,867	0,390	605		1	0,380	0,378	0,382	-0,004	Faktatekst	Finne informasjon	Setning
31	Lesing-WS	Dogs-World-Records13-Doree	2,447	0,949	569		1	0,210	0,224	0,196	0,028	Faktatekst	Tolke og forstå	Setning
32	Lesing-WS	Dogs-World-Records17-Lucinda	1,33	0,322	564		1	0,422	0,427	0,417	0,01	Faktatekst	Tolke og forstå	Setning

33	Lesing- WW	Polar expeditions	1,1	Snitt 0,376	1121	0=42 % 1=13 % 2=22 % 3=22 %	3	Snitt 0,415 (full skåre: 22%)	1,25	1,24	0,01	Faktatekst	Bruke grammatiske strukturer	Setning
----	---------------	----------------------	-----	----------------	------	--------------------------------------	---	---	------	------	------	------------	---------------------------------	---------

*Rekkefølge på itema kan bli endra i endeleg prøve.

** Dei grøne felta viser polytome oppgåver.

Kolonna *% elevsvar per poeng* viser kor mange prosent av elevane som fekk 0, 1, 2, og 3 poeng for oppgåva under utprøving, t.d. ca. 19 % elevar har oppnådd 3 poeng (full skåre) i oppgåve 21 (*Missy*).

Oppgåvenamna i tabellen er korta ned i forhold til namna i EPS.

DEL 2 – NASJONAL PRØVE I ENGELSK 5. TRINN 2023

2. Nasjonal prøve i engelsk 5. trinn haust 2023 – hovudresultat kohortprøven

2.1 Gjennomføring 2023

Den nasjonale prøven i engelsk for 5. trinn 2023, NPENG05 2023, vart gjennomført i tidsrommet 4. september – 29. september 2023, i prøvegjennomføringssystemet EPS – Eksamens- og prøvesystemet.

Totalt var det 56 964 elevar som tok Nasjonal prøve i engelsk for 5. trinn hausten 2023, 28609 gutar og 28355 jenter. Prøven omfatta 33 kohortoppgåver.

Som forklart i Del 1 vert utprøving av oppgåver gjennomført samtidig som dei nasjonale prøvane vart gjennomførte. Dette vart gjort på den måten at alle elevane svarte på alle oppgåvene i den nasjonale prøven (2023), og i tillegg fekk dei mellom ei og fire ekstra oppgåver, enten ankeroppgåver eller oppgåver som vart pilotert med tanke på prøven i 2024.

Ankeroppgåver er oppgåver som går igjen frå år til år, og som gjer det mogeleg å måle trend, eventuell endring i engelskkompetanse hos elevane over tid. Medan svar på ankeroppgåvene tel med i elevens endelege resultat, gjer ikkje utprøvingsoppgåvene det. Kohortoppgåvene blir offentleggjort i ettertid. Dette gjeld ikkje anker- og utprøvingsoppgåvene.

I denne rapporten ser vi på resultat frå Nasjonal prøve i engelsk for 5. trinn, kohortprøven.

2.2 Analysar av kohortprøven NPENG05 2023

Vi har analysert data frå dei nasjonale prøvane både ved hjelp av klassiske analysar i Excel og SPSS, og ved hjelp av IRT (R). Utdanningsdirektoratet har hjelpt oss med IRT-analysar (R). I dei klassiske analysane vi har gjort, finn vi mål for reliabilitet, og vi kan seie noko om skilnader mellom gutar og jenter ved hjelp av t-testar. IRT analysane gir oss mål på vanskegrad (*b*-verdiar) og diskriminering (*a*-verdiar). Løysingsprosent (*p*-verdiar) finn vi både ved hjelp av klassiske analysar og IRT-analysar.

Dei aller fleste oppgåveformata har item som blir skåra dikotomt (0/1). Tre av lytteformata inneheld item som blir skåra polytomt (eleven svarar på fleire deloppgåver og kan dermed få

fleire rette svar): *Multiple Choice Long*, *Ordering* og *Matching*. Tre av leseformata inneheld item som blir skåra polytomt: *Gap filling*, *Multiple Choice Medium* og *Write words*. Kvar av *Write words*-oppgåvene, til dømes, inneheld tre luker der eleven skal skrive inn eitt ord i kvar luke.

Utdanningsdirektoratet bestemte i ettertid at dei ville slå saman nokre av svarkategoriane i tre av dei polytome oppgåveformata for at oppgåvene skulle fungere betre. Slik vart dei polytome oppgåveformata skåra i 2023:


Tabell 8. Omkoding/skåring polytome oppgåver 5. trinn 2023

Itemformat	Opprinnelege tal på svarkategoriar	Svarkategoriar etter omkoding som ligg til grunn for analysane
Lytt Multiple Choice Long (MCL)	3	3
Lytt Order (OR)	3	1
Lytt Matching (MA)	3	2
Les Gap filling (GF)	3	3
Les Multiple choice medium (MCM)	2	2
Les Write Word (WW)	3	2

2.2.1 Overordna resultat

Figur 3 viser testinformasjon og målesikkerheit (eller måleusikkerheit) for prøven. Den blå lina viser theta (evne/kompetanse) i populasjonen av 5. trinnselevar, og den raude lina viser måle(u)sikkerheit. Prøven gir mest sikker informasjon når theta (evnene/kompetansen til elevane) er i området -1 til +1. I dette området er altså målingane sikrast.

Figur 3. Testinformasjon og standard måle(u)sikkerheit 2023



Tabell 9 viser statistikk for NPENG05 2023, nærare bestemt tal på oppgåver, mål på reliabilitet, gjennomsnittlege p -verdiar og gjennomsnittleg klassisk mål på diskriminering (point biserial).

Tabell 9. Oppsummerande statistikk NPENG05 2023

Tal på elevar	56964		Standardavvik	10,084
Tal på item	33 (39)		Reliabilitet	0,928
Tal på lytteitem	16 (19)		Gjennomsnittleg løysingsprosent (p)	0,53
Tal på leseitem	17 (22)		Gjennomsnittleg b-verdi (dikotome oppgåver)	-0,106
Gjennomsnittleg skår	21,74		Gjennomsnittleg a-verdi	1,49

NPENG05 2023 er reliabel (0,928) og diskriminerer på ein fornuftig måte mellom elevane (gjennomsnittleg a : 1,49). Prøven har ein vanskegrad som er omtrent det vi siktar mot (gjennomsnittleg løysingsprosent (0,53) og b -verdi (-0,106)). Prøven diskriminerer også godt mellom elevar på ulike ferdigheitsnivå. Gjennomsnittleg a -verdi er 1,49. Det er vanleg å seie at ved bruk av GPCM (Generalised Partial Credit Model), bør diskrimineringsmålet på individuelle oppgåver helst vere over 0,8. Det er berre ei oppgåve i NPENG05 2023 som har ein a -verdi under 0,8.

Tabell 10 fokuserer på lytting og lesing kvar for seg og rapporterer mål for reliabilitet og gjennomsnittlege p -verdiar.

Tabell 10. Oppsummerande statistikk NPENG05 2023 lesing og lytting

NPENG05	Reliabilitet lytting	Reliabilitet lesing	Gjennomsnittleg <i>p</i> -verdi lytting	Gjennomsnittleg <i>p</i> -verdi lesing
56964 elevar	0,854	0,886	0,579	0,488

Tabell 10 viser at om vi ser på lytte- og leseoppgåvene kvar for seg, så er lesedelen mest reliabel med ein reliabilitetskoeffesient på 0,886. Lyttedelen har ein reliabilitetskoeffesient på 0,854. Reliabiliteten vil gå ned når tal på oppgåver blir redusert. Tabell 10 viser også at lyttedelen er lettare enn lesedelen. Den gjennomsnittlege løysingsprosenten på lyttedelen er 0,579 mens han på lesedelen er 0,488.

Den gjennomsnittlege løysingsprosenten i forslaget til prøve etter piloteringa i 2022 var 0,510 (sjå tabell 3). Denne prosenten er i den reelle prøven i 2023 0,530. Prøven har altså blitt cirka 2 prosentpoeng lettare frå pilotering til prøve. Tidlegare har skilnaden i prosentpoeng mellom utprøving og reell prøve vore mellom 6 og 10 prosentpoeng. Det er eit kjent fenomen at oppgåver og prøvar er vanskelegare i utprøving enn reell prøve fordi elevane yter meir i ein reell prøve enn ved utprøving av oppgåver der resultatet ikkje betyr noko for dei. I 2022 vart nye oppgåver prøvd ut samtidig med at elevane tok den reelle nasjonale prøven i engelsk. I tillegg til NPENG05 fekk kvar elev fekk mellom 1 og 3 ekstra oppgåver, enten ankeroppgåver eller utprøvingsoppgåver. Elevane visste ikkje kva oppgåver som var kohort-, anker- eller utprøvingsoppgåver. Nettopp dette er nok ein stor del av forklaringa på at skilnaden i gjennomsnittleg løysingsprosent i utprøvinga og reell gjennomføring er mindre enn før.

2.2.2 Resultat på oppgåvenivå

Oversikt over alle oppgåvene

Tabell 11 gir ei oversikt over oppgåveformat, kva dei ulike oppgåvene måler, pluss psykometriske mål som karakteriserer oppgåvene i kohortprøven: løysingsprosent, *b*-verdiar og *a*-verdiar.

Tabell 11. Løysingsprosent (*p*-verdiar), vanskegrad (*b*-verdiar) og mål på diskriminering (*a*-verdiar)

Rekkefølge	Lytt (L) Les (R)	Format	Itemnamn	Oppgåva måler	<i>p</i>	<i>b</i>	<i>a</i>
1	L	CI	Gym 3	Forstå detaljar / setning	0,663	-0,616	1,653
2	L	CI	Livingroom 2	Forstå detaljar / setning	0,692	-0,722	1,699
3	L	CI	Park 1	Forstå detaljar / setning	0,644	-0,590	1,361
4	L	CP	Chores 1-vacuuming	Forstå detaljar / setning	0,572	-0,298	1,277
5	L	CP	Helping2-groceries	Forstå detaljar / setning	0,711	-0,950	1,218
6	L	MCS	Dinosaurs	Forstå hovudinnhald / tekstkopling	0,584	-0,318	1,524
7	L	MCS	Leaving the classroom	Forstå hovudinnhald / tekstkopling	0,695	-0,690	2,006
8	L	MCS	Late	Forstå hovudinnhald / tekstkopling	0,447	0,259	1,073
9	L	MCS	Space flight	Forstå hovudinnhald / tekstkopling	0,583	-0,332	1,356
10	L	MCS	Who angry	Forstå hovudinnhald / tekstkopling	0,464	0,165	1,215
11	L	MCS	Childrens rights	Forstå hovudinnhald / tekstkopling	0,703	-0,888	1,275
12	L	MCS	Upcycling app	Forstå hovudinnhald / tekstkopling	0,483	0,088	1,078
13	L	MCS	Bill and Alex	Forstå hovudinnhald / tekstkopling	0,416	0,390	1,152
14	L	MCL	Weekend	Forstå detaljar / setning (2) Forstå hovudinnhald / tekstkoppl (1)	1,630	-1,991 -0,122 1,231	0,720
15	L	OR	Summer postcard	Forstå samanheng / tekstkopling	0,504	-0,009	1,356
16	L	MA	Sewing redesign	Forstå detaljar / tekstkopling	1,212	-1,328 0,363	1,314
17	R	CP	Dinosaurs 1	Finne informasjon / setning	0,885	-1,558	2,136
18	R	CP	Sports 4-running	Finne informasjon / setning	0,551	-0,183	1,694
19	R	CD	Restaurant1-water	Finne informasjon / setning	0,477	0,084	1,871
20	R	CD	Forest1-sheep	Finne informasjon / setning	0,293	0,850	1,520
21	R	GF	Missy's present	Bruke grammatiske strukturar / setning	1,550	-1,110 -0,008 0,891	1,101
22	R	MCS	Getting up	Forstå hovudinnhald / tekstkopling	0,640	-0,476	2,180

23	R	MCS	Embarrassing fell in tennis	Forstå hovudinnhald / tekstkopling	0,652	-0,544	1,882
24	R	MCS	Aunt Kelly	Forstå hovudinnhald / tekstkopling	0,513	-0,046	1,421
25	R	MCS	Brother abroad	Forstå hovudinnhald / tekstkopling	0,360	0,668	1,110
26	R	MCM	The iceman	Forstå hovudinnhald, finne info / tekstkopling, setning	1,172	-1,184 0,315	0,933
27	R	MCM	The Whittle Boys	Forstå hovudinnhald, finne info / tekstkopling, setning	0,838	-0,260 1,090	0,969
28	R	Who	Dogs-World-Records12-Doree	Tolke og forstå / setning	0,197	1,167	2,045
29	R	Who	Dogs-World-Records2-Alex	Tolke og forstå / setning	0,330	0,695	1,484
30	R	Who	Dogs-World-Record9-Brian	Finne informasjon / setning	0,495	0,021	2,236
31	R	Who	Dogs-World-Records13-Doree	Tolke og forstå / setning	0,313	0,647	2,271
32	R	Who	Dogs-World-Records17-Lucinda	Tolke og forstå / setning	0,412	0,318	1,856
33	R	WW	Polar expeditions	Bruke grammatiske strukturar / setning	1,060	-1,017 0,752	1,235

Tabell 11 gir ei oversikt over alle oppgåvene i prøven og viser til oppgaveformat, gjennomsnittlige *p*- og *b*-verdiar og mål på diskriminering, *a*-verdi.

Tabellen viser at den lettaste oppgåva (oppg. nr 17) svarte om lag 88% av elevane rett på, mens den vanskelegaste oppgåva (oppg. nr. 28) svarte 20% rett på.

Løysingsprosent (p) og b -verdiar


Tabell 11 viser at prøven inneheld flest oppgåver med middels vanskegrad. Tabellane 12 og 13 gir ei oversikt over talet på lette og vanskelege oppgåver i prøven.

Tabell 12. Distribusjon av p -verdiar (33 oppgåver) 2023		Tabell 13. Distribusjon av b -verdiar, dikotome oppgåver (27 oppgåver) 2023	
p -verdi i området	Tal på oppgåver	b -verdi i området	Tal på oppgåver
0,8 til 0,9	1	Under -1,5	1
0,7 til 0,8	2	-1,0 til -1,5	0
0,6 til 0,7	7	-0,5 til -1,0	7
0,5 til 0,6	10	0 til -0,5	7
0,4 til 0,5	8	0,5 til 0	7
0,3 til 0,4	3	1 til 0,5	4
0,2 til 0,3	1	Over 1	1
0,1 til 0,2	1		

Tabellen viser at mange oppgåver har ein middels vanskegrad, det vil seie ein løysingsprosent i området 0,5 til 0,6, og ein b -verdi mellom 0,5 og -0,5. 13 av oppgåvene i kohortprøven har løysingsprosent under 0,5, mens 12 oppgåver har ein b -verdi over 0. Det må også skytast inn at når svarkategoriar på nokre av dei polytome oppgåvene blir slått saman (sjå tabell 8), forsvinn nokre av dei vanskelegaste oppgåvene i prøven.

Diskriminering – a -verdi

Ei oppgåve som diskriminerer godt, skil godt mellom elevar på ulike kompetansenivå, for eksempel mellom elevar på meistringsnivå 2 og dei på meistringsnivå 3. Når vi analyserer resultata i R vil Utdanningsdirektoratet at vi brukar GPCM (generalised partial credit model) der ein ynskjer at itema skal ha eit mål på diskriminering, ein a -verdi, over 0,8. Tabell 11 viser a -verdien for kvart av itema i kohortprøven. Vi ser at alle oppgåvene i kohortprøven, bortsett frå ei (oppgåve 14), har a -verdiar over 0,8. Figur 4 og tabell 14 viser korleis a -verdiane på oppgåvene i kohortprøven fordeler seg i prøven.



Figur 4 og Tabell 14 viser at oppgåvene i prøven diskriminerer gjennomgående godt. Tre av oppgåvene har α -verdier under 1,0. Resten av oppgåvene har verdier over 1 og vel så det.

Theta


Tabell 15 og Figur 5 oppsummerer thetamål i 5. trinns populasjonen. Alle figurar og tabellar er frå analysar der ankeritema er inkludert. Vi ser i Tabell 15 at distribusjonen av theta (ability) i 5. trinnsgruppa varierer frå -2,800 til +2,33.

Tabell 15. Oppsummerande statistikk for theta 5. trinn 2023

Elevlar	Gjennom-snitt	Standard-avvik	Minimum	Median	Max
56964	0,0189	0,9811	-2,7909	-0,0095	2,6278

Variasjonen er framstilt grafisk i figur 5.


Figur 5. Distribusjon av theta i 5. trinnspopulasjonen 2023



Vi ser at distribusjonen av theta i 5. trinnspopulasjonen er tilnærma normalfordelt. Data frå prøven viser altså at det finst elevar som har svært låge ferdigheiter i engelsk, og samtidig finst det dei med høge ferdigheiter i engelsk. Dei aller fleste elevane har ferdigheiter ein eller annan stad mellom -1 og + 1.

Figur 6 viser korleis theta og vanskegrad på oppgåvene fordeler seg i populasjonen av 5. trinnselevar. Den blå stipla lina viser theta, mens den raude lina viser vanskegrad på oppgåvene,

Figur 6. Theta og vanskegrad 2023



Dersom oppgåvene i prøven utfordrar elevar på alle ferdigheitsnivå, bør det vera nokolunde overlapp mellom dei to linene. Figur 6 viser at mens θ i populasjonen er tilnærma normalfordelt, så er det mange oppgåver som passar for elevar med θ i området $-0,5 - 0,5$. Ideelt sett ynskjer vi nokre fleire oppgåver som utfordrar elevane som skårar høgst (det vil seie nokre få svært vanskelege oppgåver). Samtidig ynskjer vi også å inkludere nokre få lette oppgåver mynta på elevar som skårar lågt på prøvar.

Tabellane 12 og 13 rapporterer også at det er mange oppgåver med middels vanskegrad og heller få svært lette / svært vanskelege.

2.3 Kjønn

Tabell 16 gir ei oversikt over skilnaden i løysingsprosent/ p -verdi på enkeltoppgåver og kjønn.

Tabell 16. Løysingsprosent – gutar og jenter

Rekke-følge	Lytt (L) Les (R)	Itemnamn	p gutar	p jenter	Differanse gutar/jenter
1	L	Gym 3	0,691	0,636	0,055
2	L	Livingroom 2	0,667	0,716	-0,049
3	L	Park 1	0,638	0,650	-0,012
4	L	Chores 1-vacuuming	0,585	0,559	0,026
5	L	Helping2-groceries	0,725	0,697	0,028
6	L	Dinosaurs	0,647	0,520	0,127
7	L	Leaving the classroom	0,707	0,682	0,025
8	L	Late	0,398	0,496	-0,098
9	L	Space flight	0,631	0,534	0,097
10	L	Who angry	0,501	0,427	0,074
11	L	Childrens rights	0,702	0,704	-0,002
12	L	Upcycling app	0,496	0,470	0,026
13	L	Bill and Alex	0,395	0,437	-0,042
14	L	Weekend	Snitt: 0,536 Full skår: 10,1%	Snitt: 0,549 Full skår: 10,3%	Snittdifferanse: -0,013
15	L	Summer postcard	0,538	0,469	0,069
16	L	Sewing redesign	Snitt: 0,621 Full skår: 20,24%	Snitt: 0,591 Full skår: 18,18%	Snittdifferanse: 0,030
17	R	Dinosaurs 1	0,900	0,869	0,031
18	R	Sports 4-running	0,573	0,529	0,044
19	R	Restaurant1-water	0,473	0,481	-0,008
20	R	Forest1-sheep	0,343	0,241	0,102
21	R	Missy's present	Snitt: 0,522 Full skår: 10,8%	Snitt: 0,511 Full skår: 11,4%	Snittdifferanse: 0,011
22	R	Getting up	0,640	0,641	-0,001
23	R	Embarrassing fell in tennis	0,683	0,622	0,061
24	R	Aunt Kelly	0,516	0,511	0,005
25	R	Brother abroad	0,347	0,373	-0,026
26	R	The iceman	Snitt: 0,609 Full skår: 20,7%	Snitt: 0,563 Full skår: 17,5%	Snittdifferanse: 0,046
27	R	The Whittle Boys	Snitt: 0,442 Full skår: 12,4%	Snitt: 397 Full skår: 9,9%	Snittdifferanse: 0,045
28	R	Dogs-World-Records12-Doree	0,195	0,199	-0,004
29	R	Dogs-World-Records2-Alex	0,333	0,326	0,007
30	R	Dogs-World-Record9-Brian	0,498	0,491	0,007
31	R	Dogs-World-Records13-Doree	0,313	0,313	0
32	R	Dogs-World-Records17-Lucinda	0,413	0,411	0,002

33	R	Polar expeditions	Snitt: 0,504 Full skår: 15,4%	Snitt: 0,502 Full skår: 14,3%	Snittdifferanse: 0,002
----	---	-------------------	-------------------------------------	-------------------------------------	---------------------------

Differansen mellom gruppene finst i kolonna heilt til høgre. Dei oppgåvene som jentegruppa skårar høgst på, har ein negativ verdi. Vi ser også at av dei 33 oppgåvene kohortprøven inneheld, gjer jentene det best på 10 av oppgåvene, mens gutane gjer det best på 22 av oppgåvene. Ei oppgåve skårar gruppene likt på (oppgåve 31).

Tabell 17 viser skilnader mellom gutar og jenter i gjennomsnittleg totalskår, løysingsprosent og theta.

Tabell 17. Skilnader mellom gutar og jenter i gjennomsnittleg skår, løysingsprosent og theta

Gjennomsnittlege estimat						
	n	Totalskår (41)	Lytting (19)	Lesing (22)	Løysingsprosent	Theta
Gutar	28609	22,25	11,27	10,98	0,542	0,0622
Jenter	28355	21,23	10,73	10,50	0,518	-0,0248

Ein t-test understrekar også skilnader mellom gutar og jenter i 5. trinnpopulasjonen. Sjå Tabell 18. Vi ser at gjennomsnittleg råskår for gutane (22,25) og jentene (21,23) er vel 1 poeng i favør av gutane. Standardavviket er nesten likt i dei to gruppene, Dette fortel oss at variasjonen i jentegruppa og gutegruppa er omtrent lik.

Tabell 18. Skilnader mellom jenter og gutar på 5. trinn – t-test

Prøve	Kjønn	Gjennomsnittleg tal på rette svar	n	Standardavvik	t	Sig 2-tailed
5. trinn	Gutar	22,25	28609	9,857	12,042	< 0,01
	Jenter	21,23	28355	10,283		
		Gjennomsnittleg theta	n	Standardavvik	t	Sig 2-tailed
	Gutar	0,0622	28609	0,9547	10,598	< 0,01
	Jenter	-0,0248	28355	1,0052		

Tabell 18 viser at det er ein signifikant skilnad mellom gutar og jenter i favør av gutane, uansett om vi bruker råskår (tal på rette svar) eller theta som utgangspunkt. Gutane svarar i

snitt rett på litt fleire oppgåver enn jentene og har litt høgre gjennomsnittleg theta. Når dette resultatet er signifikant, så betyr det at skilnadene ikkje er tilfeldige.

2.4 NP engelsk for 5. trinn 2023 – oppsummering

Tidlegare i rapporten har vi fokusert på korleis Nasjonal prøve i engelsk for 5. trinn fungerte i 2023. Vi har sett på hovudresultat, ulike itemformat, kjønnskilnader, men ikkje noko om kva elevar på ulike meistringsnivå kan. I all hovudsak har vi konkludert med at prøven ser ut til å fungere bra for målgruppa. Nærare bestemt

- Den nasjonale prøven i engelsk for 5. trinn 2023 måler lytting og lesing.
- Hovudprøven måler eit utval av kompetansemål i læreplanen.
- Prøven er reliabel. Reliabilitetskoeffesienten er 0,928.
- Prøven diskriminerer godt mellom elevane. Gjennomsnittleg a for hovudprøven er 1,49 for. Ei av oppgåvene har a under 0,8.
- Prøven skil relativt godt mellom elevar på ulike ferdigheitssnivå.
- Både dei dikotome og dei fleste polytome oppgåvene ser ut til å fungere greitt.
- Gutane skårar høgre enn jentene.
- Skilnaden i vanskegrad frå pilotering til reell prøve er relativt liten. Gjennomsnittleg b -verdi etter pilotering var 0,51. Data frå den nasjonale prøven viser ein gjennomsnittleg p -verdi på 0,53. Det betyr at den nasjonale prøven er 2 prosentpoeng lettare enn utprøvingstala indikerte.
- Når ein prøve skal tilpassast så ulike elevgrupper som dei som representerer meistringsnivå 1, 2 og 3, må det bli slik at mange oppgåver er vanskelege for elevar på meistringsnivå 1 og mange oppgåver er lette for elevar på meistringsnivå 3. Ideelt sett ynskjer vi å inkludere i prøven nokre få fleire item som passar betre for elevar med resultat på meistringsnivå 1 og 3. Dette er eit mål, så vil framtida vise om vi får det til.

Prøvedesign

Eit elevkull består vanlegvis av ca. 60 000 elevar. Elevane på 5. trinn skal svare på oppgåver i 13 seksjonar som inneheld kohort-, anker- og pilotoppgåver. Alle elevane svarar på alle kohortoppgåvene. I tillegg til kohortoppgåvene vert elevane tildelt éin tilfeldig underseksjon av 13 (med pilot- og ankeroppgåver) og i denne får kvar elev éi til fire ekstra oppgåver som anten er ankeroppgåver eller pilotoppgåver (i 2023). Dersom dei t.d. er tildelt ein seksjon med lengre tekstar eller vanskelege oppgåver, får elevane i denne seksjonen berre éi oppgåve kvar. Er dei tildelt ein seksjon med lettare oppgåver, kan dei få fleire. I oppsettet for prøven har me tatt utgangspunkt i 58 500 elevar. Kvar av dei 13 ekstra seksjonane vert då tildelt 4500 tilfeldige elevar (1/13). Slik sikrar me at alle pilot- og ankeroppgåver vert svart på av minimum 600 elevar. Vidare er alle pilot- og ankeroppgåver sterkt lenka gjennom at *alle* elevane tek dei same kohortoppgåvene.

Introduction	Infoside	Alle elevar
	Infoside	Alle elevar
Section 1 – Click item		
Section 1.1 - Listening Click item	Kohortoppgåver	Alle elevar
Section 1.2 - Listening Click item	Ankeroppgåve	Min. 600 elevar per oppgåve
(Elevar som får tildelt denne seksjonen får t.d. tre tilfeldige oppgåver kvar)	Pilotoppgåver 1 - 12	
Section 2 – Click picture		
Section 2.1 – Listening Click picture	Kohortoppgåver	Alle elevar
Section 2.2. – Listening Click picture	Ankeroppgåve	Min. 600 elevar per oppgåve
(Elevar som får tildelt denne seksjonen får t.d. tre tilfeldige oppgåver kvar)	Pilotoppgåver 1 - 12	
Section 3 – 13 (andre format i prøven)	Same inndelingar som seksjon 1 og 2	

